



Til eiere av gårds-/bruksnummer: 193/84

<i>Refnr.</i>	<i>Saksnr.</i>	<i>Dato</i>
JUVL2903	2026/4133	ROSENDAL, 13.05.2026

Sikring av drikkevassnettet mot tilbakestrøyming

Tilbakestrøyming / tilbakeslag

Trykkfall på drikkevassnettet, til dømes ved leidningsbrot, kan føre til at ureina vatn vert ført tilbake til drikkevassnettet og vidare ut til abonnentane. I verste fall kan dette medføre at abonnentar vert sjuke.

For å sikre leidningsnettet mot tilbakestrøyming skal det vere montert tilbakeslagssikring på hovudvassinntaket. Ved trykkfall vil tilbakeslagsventilen stenge og hindre at ureina vatn kjem inn på drikkevassnettet.

Med heimel i drikkevassforskrifta, og etter krav frå Mattilsynet, er Kvinnherad kommune plikta til å ha oversikt over abonnentar som kan utgjere ein risiko for drikkevasskvaliteten, og om desse har tilstrekkeleg sikring mot tilbakestrøyming.

Alle verksemder vert tildelte ein væskekategori, basert på næringskoden til verksemda. Væsketegorien seier noko om kor stor risiko verksemda utgjør ved eit eventuelt tilbakeslag. Verksemda di er registrert med væsketegori **5**, og er difor vurdert som ei verksemd som kan påverke drikkevassforsyninga.

Registrering og dokumentasjon

Kvinnherad kommune gjennomfører no ei kartlegging og registrering av kva abonnentar som har/ikkje har montert tilbakeslagssikring.

Som dokumentasjon ber vi om:

- bilete av installert tilbakeslagsventil
- stadfesting på at ventilen er montert på hovudvassinntaket
- at det blir meldt i frå om tilbakeslagssikring **ikkje** er montert

Dersom det er fleire bygningar knytt til same gårds- og bruksnummer, ber vi om opplysning om kva bygning tilbakeslagssikringa er installert i.

Tilbakemelding kan sendast til **post@kvinnherad.kommune.no**. Ver venleg å merke e-posten med saksnummer.

Verksemd lokalisert på anna adresse / endra eller avvikla drift

I samband med kartlegginga er det viktig for kommunen å få oppdaterte opplysningar om faktisk drift. Dersom verksemda er lokalisert på ei anna adresse enn den som er registrert på gards- og bruksnummeret, ber vi om at de opplyser om kvar verksemda er lokalisert.

Vidare ber vi dykk gi tilbakemelding dersom dyrehald eller annan verksemd som kan påverke drikkevassnettet er heilt eller delvis avvikla, sjølv om verksemda framleis står registrert i Enhetsregisteret. Kommunen si vurdering av risiko for tilbakestrøyming er basert på type og omfang av faktisk drift, og det er difor viktig at opplysningane er oppdaterte og korrekte.

Vidare oppfølging

Frist for tilbakemelding er **14 dagar etter at brevet er motteke**.

Dersom det ikkje er montert tilbakeslagssikring, ber vi dykk ta kontakt med godkjent røyrleggjar for vurdering og eventuell installasjon av tilbakeslagsventil som er tilpassa verksemda si væskekategori.

Meir informasjon om tilbakeslagssikring finn de på heimesida til Kvinnherad kommune:
<https://www.kvinnherad.kommune.no/tilbakeslagssikring.539423.nn.html>

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Kristine Engelsen Fjelland

Kvalitetsingeniør, Vatn og avløp

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Adresseliste:

Gårds-/bruksnummer	Navn	Adresse	Postnummer	Sted
193/84	HALSNØYTUNET	Sæbøvikvegen 90	5454	SÆBØVIK